
Søkjjar

Organisasjonsopplysningar

| | |
|-------------------|------------------------------------|
| Organisasjonsnamn | Nynorsk kultursentrum, Biblioteket |
|-------------------|------------------------------------|

| | |
|-------------|---------------------|
| Postadresse | Indrehovdevegen 176 |
|-------------|---------------------|

| | |
|------------|-------|
| Postnummer | 6 160 |
|------------|-------|

| | |
|----------|------------|
| Poststad | Hovdebygda |
|----------|------------|

| | |
|-------------|----------------|
| Kontonummer | 39 914 021 530 |
|-------------|----------------|

Leiar av institusjonen

| | |
|---------|------------|
| Fornamn | Per Magnus |
|---------|------------|

| | |
|-----------|---------------------|
| Etternamn | Finnanger Sandsmark |
|-----------|---------------------|

| | |
|---------|------------|
| Telefon | 70 047 570 |
|---------|------------|

| | |
|--------|-----------------|
| E-post | post@nynorsk.no |
|--------|-----------------|

| | |
|--|-----|
| Er institusjonens leiar kontaktperson for prosjektet? | Nei |
|--|-----|

Kontaktperson

| | |
|---------|------|
| Fornamn | Tone |
|---------|------|

| | |
|-----------|--------|
| Etternamn | Slenes |
|-----------|--------|

| | |
|---------|------------|
| Telefon | 91 518 822 |
|---------|------------|

| | |
|--------|------------------------|
| E-post | tone.slenes@nynorsk.no |
|--------|------------------------|

Søknadstype

Vel søknadstype

Søknadstype

Innsatsområde

Innsatsområde

• Nye samarbeidsformer

Prosjekt

Beskriv prosjektet

Prosjekttittel

LESEDIGG: Digital litteraturside for barn

Mål

I LESEDIGG vil Nynorsk kultursentrum og fagbiblioteket vårt gå saman med Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK), Nynorsksenteret, Framtida junior, Pirion, Vestland fylkeskommune og folke- og skulebibliotek på Vestlandet om å utvikla ei digital litteraturside som rettar seg mot barn på barnetrinnet. Målet er å få fleire til å lesa, styrka lesekompetansen og gjera litteraturen lettare tilgjengeleg for barn.

Prosjektbeskriving

Bakgrunn for prosjektet

Mesteparten av det digitale innhaldet som biblioteka tilbyr i dag er tilrettelagt for vaksne. Dei fleste nettsidene til biblioteka har lite innhald laga for og tilpassa for barn. Dette ønskjer me å gjera noko med.

Med felles interesse og mål i litteraturformidlinga vår ønskjer me å gå saman om å utvikla ein nasjonal ressurs som rettar seg mot barn mellom 7-13 år. Nettstaden vil vera eit bidrag til biblioteka sitt formidlingsoppdrag for å nå ut til eit barnepublikum, og skal lett kunna takast i bruk av skule- og folkebibliotek.

Me ser for oss at me kan nå eit større publikum og fremja litteratur på ein effektiv måte når me samlar kreftene. Saman kan me utvikla ein nasjonal ressurs som fleire kan gjera seg nytta av gjennom ein felles plattform og ved bruk av open kjeldekode og data som er fritt tilgjengelege.

Dette vil me gjera:

Tiltak 1: Etablera samarbeid og referansegrupper

For å sikra at innhaldet er interessant og tilpassa barn i målgruppa, vil me jobba tett med referansegrupper med barn i utviklinga. For å kvalitetssikra at ressursen svarar best mogleg til biblioteka sin profil, vil me utvikla tilbodet i samråd med utvalde folkebibliotek og skulebibliotek og kartlegga behov og ressursar hos referansegruppene.

Tiltak 2: Tilrettelegging av innhald og design av litteraturside

Me vil presentera innhaldet på den digitale litteratursida vår LESEDIGG på ein mest mogleg brukarvenleg måte. Innhaldet me samlar må tilpassast, slik at det lett kan brukast av målgruppa og gjera litteraturen lettare tilgjengeleg for barn.

Tiltak 3: Teknisk utvikling av digital plattform

Den tekniske løysinga skal hausta, distribuera og presentera informasjon. Plattformen skal utviklast etter opne standarder og vera universelt utforma.

Tiltak 4: Implementering på biblioteknettsider

Innhald frå plattformen skal kunna integrerast på eksisterande biblioteknettsider både for folke- og skulebibliotek. Nettsidene til kvart bibliotek skal bli automatisk oppdatert med innhald frå Framtidajunior.no, Nynorsk bok.no, Nynorsk.no, Tunkatten.no og fleire andre samarbeidspartnarar – kvar dag. Dette vil gjera at nettsidene vil ha levande og oppdatert innhald også etter prosjektfasen.

Tiltak 5: Lansering og formidling av LESEDIGG.

Den digitale litteratursida for barn vil visa vidare til godt kvalitetsinnhald for barn. Døme på aktuelt innhald på LESEDIGG:

- Boksøk hos det enkelte bibliotek
- Bokmeldingar frå barn på Framtida Junior og tilrettelagde boktips frå Nynorsk bok.no
- Siste nytt frå Framtida Junior
- Aktuelt innhald frå Tunkatten.no og Nynorsk.no
- Tilpassa ressursar frå teikneseriesider, Bok på 1-2-3 og Tidforti.no frå Nynorsksenteret
- Skaparverkstad med aktivitetar som til dømes skrivekonkurransar, teikneseriekurs, animasjonskurs, og skrivetips frå forfattarar
- Podkast med barn og unge om bøker – Bakom boka frå Nynorsksenteret og Nynorsk.no frå Nynorsk kultursentrum
- Opplegg for bokbad og boksirklar for barn som lett kan brukast av skulebibliotek og folkebibliotek

Eit samarbeid med så pass mange aktørar om å skapa eit best mogleg digitalt tilbod for born på kvart lokale bibliotek er nyskapande. Den digitale litteratursida for barn vil vera tilgjengeleg for alle og vera med på å styrka norsk språk, og då særleg nynorsk. LESEDIGG vil bli utvikla på nynorsk og visa fram nynorske bøker. Bokmeldingar og boknytt frå Framtidajunior.no vil òg omtala bøker på bokmål og boksøket til kvart bibliotek vil sjølvstøtt visa til bøker på begge dei norske skriftspråka. Men ved å utvikla nettsidene på nynorsk er me med på å styrka dei språklege rettane til dei over 60 000 barna som går på barneskulen i nynorskkommunane i Noreg.

Om oss:

Nynorsk kultursentrum har fast verksemd i Aasentunet i Ørsta, på Haugesenteret i Ulvik og på Vinjesenteret i Vinje, driv fleire nettstader – blant anna barnenettstaden tunkatten.no og ein podkast. Stiftinga reiser kvart år rundt i heile landet med utstillingar, arrangement og turnear. Nynorsk

kultursentrum driv seks produksjonar for Den kulturelle skulesekken og utviklar fire nye. Trass i den utfordrande koronasituasjonen var Nynorsk kultursentrum til stades med utstilling eller arrangement i 54 kommunar i 2020. Samarbeid med folkebiblioteka er ein del av strategien. Vandreutstillingane hadde 1115 framsyningsdagar i 2020. Godt i overkant av 823 000 brukarar var innom nettsidene til stiftinga i 2020 og omlag 27 000 følgde kontoane i sosiale medium. I 2020 hadde stiftinga 24,4 årsverk og driftsinntekter på om lag 35 millionar kroner.

Framdriftsplan

| | |
|---------------|---------|
| Prosjektet er | Eitårig |
|---------------|---------|

Aktivitetsplan for prosjektet

| | |
|------------|---|
| Beskriving | April-mai: Etablera samarbeid og to møte med referansegrupper med barn og skule- og folkebibliotek. Mai-juni: Design av digital nettside og møte med referansegrupper med barn og skule- og folkebibliotek Juli-oktober: Teknisk utvikling av den digitale litteratursida og møte med referansegrupper med barn og skule- og folkebibliotek. Tilrettelegging og merking av bokomtalar frå Nynorskbok.no og bokmeldingar frå Framtidajunior.no. November: Lansering av prototype av den digitale litteratursida på Falturiltu November-desember: Ferdigstilling av den digitale litteratursida og lansering og formidling og promotering av den digitale litteratursida for barn til fleire skule- og folkebibliotek |
|------------|---|

Aktivitetsperiode

| | |
|----------|------------|
| Fra dato | 01.04.2021 |
|----------|------------|

| | |
|----------|------------|
| Til dato | 31.12.2021 |
|----------|------------|

Andre opplysningar

Andre opplysningar/kommentarar om framdrifts-/aktivitetsplan

Budsjett

1. prosjektår

Søknadsbeløp frå Nasjonalbiblioteket 350 000

Andre inntekter 1. prosjektår

| | |
|------------|---|
| Beskriving | Eigendel (prosjektleiing og tilrettelegging av innhald) |
|------------|---|

| | |
|-------|---------|
| Beløp | 250 000 |
|-------|---------|

| | |
|---------------------------------|---------|
| Inntekter totalt 1. prosjektår: | 600 000 |
|---------------------------------|---------|

Utgifter 1. prosjektår

| | |
|------------|---|
| Beskriving | Innhaldsutvikling Møte med referansegrupper 5 000 Personalkostnader til prosjektmedarbeidar i 2 mnd 110 000 Eigen tilrettelegging av innhald 200 000 Prosjektleiing 25 000 Sum innhaldsutvikling 340 000 |
|------------|---|

| | |
|-------|---------|
| Beløp | 340 000 |
|-------|---------|

| | |
|------------|--|
| Beskriving | Teknisk utvikling Design og UX-utvikling 45 000 Back-end-utvikling 105 000 Front-end-utvikling 75 000 Lisensar og serverleige 10 000 Prosjektleiing 25 000 Sum teknisk utvikling 260 000 |
|------------|--|

| | |
|-------|---------|
| Beløp | 260 000 |
|-------|---------|

| | |
|--------------------------------|---------|
| Utgifter totalt 1. prosjektår: | 600 000 |
|--------------------------------|---------|

Totalt

0

Samarbeidspartnarar

Har du samarbeidspartnar(ar)? *

Ja

Namn

Nynorsksenteret (Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa)

Beskriv samarbeidet

Nynorsksenteret (Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa) er eit ressurscenter for nynorsk i skulen og barnehagen. Senteret fremjar metodar og arbeidsmåtar som kan motivere og auke kvaliteten på arbeidet med nynorsk i barnehagen og skulen. Nynorsksenteret driv forskingsformidling og praksisnær aktivitet basert på relevant forskning og medverkar til at barnehagar og skular får auka kompetanse til å tolke og ta i bruk rammeplanen og læreplanverket. Nynorsksenteret driv òg Nynorskbok.no med ein base på nær 1000 omtalar av bøker på nynorsk for barn og unge.

Nynorsksenteret vil bidra med tilrettelegging av innhald i prosjektet.

Namn

Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK)

Beskriv samarbeidet

Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK) driv fleire digitale tilbod for barn og unge. Nyhende- og debattavisa for unge, Framtida.no, er den mest brukte redigerte nettstaden på nynorsk med over 875.000 brukarar i fjor. Hausten 2017 starta LNK det digitale nynorskløftet for barn, Framtidajunior.no. Desse nettsidene hadde over 120.000 brukarar i 2020, og trafikken er aukande. LNK står òg ansvarleg for drifta av Pirion - den nynorske kulturavisa for alle som jobbar med barn. Framtida.no-redaksjonen har kursa over 1000 barn og ungdommar i bokbad og debatt, mellom anna gjennom Me snakkast-prosjektet som er eitt av tre ungdomsprosjekt som blei trekt fram i Nasjonal bibliotekstrategi 2015-2018.

LNK og Framtida junior vil bidra med både teknisk utvikling, tilrettelegging og målgruppearbeid i prosjektet.

| | |
|---------------------|--|
| Namn | Seksjon for bibliotekutvikling, Vestland fylkeskommune |
| Beskriv samarbeidet | Seksjon for bibliotekutvikling, Vestland fylkeskommune driv bibliotekfagleg rettleiing og kompetanseheving av bibliotektilsette i fylket, gjev råd til lokale styresmakter og utviklar folke- og skulebiblioteka regionalt. Seksjonen arbeider for å vidareutvikla bibliotekenestene til innbyggjarane og blir ein viktig rådgivar i prosjektet. |

Vedlegg

Last opp vedlegg

Sammendrag og innsending